



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 12.05.2020

Møtestad: Teams, evt. Børilden

Møtetid: 16:00 - 16:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem

Desse møtte frå adminstrasjon:

Asbjørn Nagell Toft

Bjørnar Fjellhaug

Ketil Tjore

Liv Løvvik

Odd Harald Dommersnes

Thomas Lindås

Austrheim 13. mai 2020

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
066/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
067/20	Godkjenning av møteprotokoll
068/20	Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan på gbnr. 157/60 - Buholmen

066/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

12.05.2020 FORMANNSKAPET

Formannskapet gjorde endringar i møteplanen framover:
Kommunestyre torsdag 14. mai klokka 13.30 (går som planlagt)
Formannskap, onsdag 20. mai (var oppsett, utgår).
Formannskap, onsdag 27. mai klokka 10.00-14.00 (nytt møte).
Kommunestyre, torsdag 28. mai (var oppsett, utgår).
Kommunestyre, torsdag 4. juni klokka 18.00 (nytt møte).
Formannskap, torsdag 4. juni (var oppsett, utgår).
Formannskap, torsdag 11. juni, klokka 09.00 (nytt møte).
Kommunestyre, torsdag 18. juni, klokka 18.00 (går som planlagt).

Handsaming i utvalet:

Rådmannen sitt framlegg vert samråystes vedteke

FS - 066/20 - 12.05.2020 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

067/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

12.05.2020 FORMANNSKAPET

Protokollen frå formannskapet 23. april låg ved til godkjenning.

Handsaming i utvalet:

Rådmannen sitt framlegg vert samråystes vedteke

FS - 067/20 - 12.05.2020 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

068/20: Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan på gbnr. 157/60 - Buholmen

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon som omsøkt for heving av maks mønehøgde frå kote + 16,5 m til kote +17,10 m for bustadhus på tomt 2.

Grunngjeting er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

Vedtaket vert sendt til Fylkesmannen i Vestland til klagevurdering.

12.05.2020 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka. - Denne saka skal vera godt opplyst gjennom tidlegare handsaming, seinast i samband med at kommunen gav stoppordre då ein såg at bygget vart for høgt. No har det komme inn ein dispensasjonssøknad om å kunna bygga 60 centimeter høgare. Det er ingen merknader frå naboane.

Administrasjonen ser at det er veldig store kostnader om ein skal ta av 60 centimeter, utbyggar må i då tilfelle ned under det nivået som det er på støypt plate med varmekabler. Kommunen har prøvd å mekla litt mellom naboane, utan at det er dialog no, men det er ingen merknader til søknaden om dispensasjon. Om formannskapet seier ja, så vil saka gå automatisk til Fylkesmannen for endeleg handsaming av dispensasjonssøknaden. Også naboar kan klaga på vedtaket. Frå tidlegare saker i Austrheim har Fylkesmannen akseptert ei sak der det var auka mønehøgde med ein meter, men sagt nei til ein annan søknad.

Kommunalsjef service og forvalting Thomas Lindås sa at ein her må ta med seg at eigedomsgrensene ikkje var innmålte når reguleringsplanen vart laga. Dette har gitt utfordringar, sidan reguleringsplanen ikkje er tilpassa eigedomsgrensene.

Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om kven som har ansvaret for at planen ikkje er god, og kva ansvar kommunen har i denne saka.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft svara at det no vert bygd større hus enn det som var tanken då planarbeidet for dette området starta for 15-20 år sidan, og det har gitt utfordringar. Den gongen var det tale om mindre bygningar. Det er ikkje problem å følgja reguleringsplanen, men når ein vel større hus så kan det gje utfordringar.

Per Lerøy (Ap) sa at dersom det ikkje har komme merknader frå naboane i saka er det ikkje noko problem for han å følgja rådmannen si innstilling.

Morten Sognnes (H) sa at desse 60 centimetra er lite å snakka om dersom dette kan gjera at ein får avgjort denne saka.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at utan merknader så er det greitt å støtta framleggget. Håpar at dette kan løysa saka.

Inger Lise Brekke (H) viste til at det har vore diskutert tidlegare kor viktig det er å ha ei god sakshandsaming frå starten. Når det no ikkje har komme merknader, støttar Brekke rådmannen.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at 59 centimeter ikkje er all verda. Støttar framleggget.

Per Lerøy (Ap), då vert dette samrøystes frå formannskapet, og så sender ein det vidare til Fylkesmannen.

Rådmann Liv Løvvik sa at kommunen har jobba for å oppnå dialog. Viktig å unngå at dette endar med store økonomiske problem for partane.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa om reguleringsplanar at det finnest ein del eldre planar som nok har ein del feil i seg. Kartgrunnlaget har vore därleg i planlegginga, med grenser som ikkje var avklarte og høgdekotar på 5 meter. Dette vil ein ikkje oppleva med nye planar som ein jobbar med.

Inger Lise Brekke (H) spurte om det vert gjort ei kvalitetssikring om nokon i dag kjøper ein tomt i eit eldre planområde.

Thomas Lindås svara at det ikkje er sikkert at kommunen blir klar over planar før tomfeeigar eventuelt ber om ein førehandskonferanse eller liknande. Byggesaker vera utfordrande at tomtekjøpar ikkje set seg tilstrekkeleg inn i planar.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 068/20 - 12.05.2020 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon som omsøkt for heving av maks mønehøgde frå kote + 16,5 m til kote +17,10 m for bustadhus på tomt 2.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

Vedtaket vert sendt til Fylkesmannen i Vestland til klagevurdering.
